

HANDLINGSPLAN 2019 – FLORA HAMN KF

Handlingsplanen tek utgangspunkt i hamneplanen som fastlegg mål og strategiar for utviklinga av hamneområdet i Florø og Flora Hamn KF. Vidare legg ein til grunn ytre rammer som er bestemt av overordna mynde, samt utviklinga i marknaden for tenestene våre.

Visjon

'Knutepunkt vest' – Flora hamn KF skal vere ei attraktiv, profesjonell og framtidsretta hamn med kompetente og løysingsorienterte medarbeidarar.

Hamna sine planar og aktivitetar skal vere tufta på omsyn til miljø, klima og bærekraft.

Verdiar

Trygg, synleg, tett på.

Mål

Flora hamn KF sitt arbeide er delt opp i fire områder:

- Forretning: Effektiv og lønnsam infrastruktur
- Forvaltning: Synleg, enkel og informativ
- Berekraftig: Miljø og samfunnsansvar
- HMS og medarbeidarar: Sikkert arbeid, kompetente og engasjerte medarbeidarar

Forretning: Effektiv og lønnsam infrastruktur

Flora hamn KF skal vere ei drivkraft i utviklinga av kystregionen som vekstområde, og vere det viktigaste transportknutepunktet mellom Ålesund og Bergen, og innfallsporten til resten av fylket.

- *Forretningsområder:* Det skal i 2019 jobbast med å skaffe nye forretningsområder for å skape inntekter til hamna, samt vere tilretteleggjar for etablering av nye aktørar som driv forretningsverksemd som krev nærleik til sjø.
- *Hamneplan:* Ny strategisk hamneplan med langtidshorisont er plass i første halvdel av 2019. Denne skal nyttast aktivt for gjennomføring og kommuniserast ut til brukarar, politikarar og samfunnsaktørar.
- *Hamnesamarbeid:* Det vert jobba aktivt med å samarbeide med andre hamner på tvers av kommune- og fylkesgrenser.
- *Marknadsføring og nettverk:* Flora Hamn KF deltek aktivt i dei fora som dagens og morgondagens brukarar og vareeigarar er ein del av, der kystruterederia vil ha eit

særskild fokus i 2019. Dette for å skape eit kontaktnettverk som har til intensjon å lettare kunne få tilrettelagt for behova til brukarane og vareeigarane i heile regionen.

- *Areal:* Det vil i 2019 halde fram med arbeidet for å utvide hamna sitt areal for å legge grunnlaget for auka kailengde og operasjonsareal i bakkant av eksisterande kaier. Slik utviding vil verte søkt realisert når det vil vere med å auke aktiviteten og inntening i hamna. Flora Hamn KF arbeider og med å legge til rette for sal av areal som ligg utanfor hamna sitt satsingsområde.

Fugleskjærskai

Containertrafikken skal flyttast frå Fugleskjærskai vest innan utgangen av 2021. Det skal i kommande år planleggast vidare bruk og aktivitet på området og korleis best utnytte det framover. Dette inkluderer vedlikehald og oppgradering av infrastrukturen tilpassa framtidig aktivitet.

Passasjertrafikk har hovudprioritet på Fugleskjærskai. Fugleskjærskai kollektivterminal skal starte bygginga i løpet av 2019. Flora hamn KF skal følgje denne byggeprosessen tett med eigen prosjektleiar for best mogleg resultat. Dette inkluderer eit løft av uteområdet for passasjertrafikken, med betre merking, skilting og tydelege skilde soner for mjuke og harde trafikantar (med dei mjuke trafikantane i fokus).

- Fugleskjærskai vest bærer stor preg av slitasje, og det skal i 2019 bli laga ein fem års plan for eit løft for området. Dette inkluderer tiltak etter tilstandsrapport på kai D, som har restriksjonar på bæremne.
- Flora hamn KF skal i 2019 og 2020 starte planlegginga av arbeidet med å forlengje Fugleskjærskai 60m vestover. Der må reguleringsplanen handsamast politisk først.
- Den austre ferjekaia på Fugleskjærskai er gammal og utslitt og er planlagt å fornye i 2020. Dette skal planleggast og prosjekterast i 2019.
- Det skal fendraast på kai E med ein meter breie fendrar i 2019/2020. Dette for å dra nytte av utdjupinga som vart utført i 2016.

Gunhildvågen

Den offentlege kai vert nytta som ventekai og omlastingsstad. Det skal 2019 jobba med å få tilrettelagt for meir aktivitet i Gunhildvågen. For at dette skal lykkast må følgjande vere på plass:

- Regulere inn og bygge ny veg til kai.
- Avklare brukarrettar til pullerter tilhøyrande kai.
- Få på plass infrastruktur til straum og vatn tilpassa brukarane av kai.
- Etablere smidige løysingar for effektiv passering inn og ut av ISPS-området.
- Om den offentlege kai i Gunhildvågen skal nyttast til offentlig containerterminal må det gjerast eit økonomisk løft når det gjeld kjøp av areal, investering i infrastruktur og utbygging av området.

Botnastranda

Det vil i 2019 bli tatt ein konklusjon om containertrafikken skal lokaliserast i Gunhildvågen og/eller i Botnastranda. Flora hamn KF skal i 2019 planlegge for ei eventuell overtaking av kai G på Botnastranda og vidare bruk av denne når langtidsleigekontrakten på denne kaia er ferdig. Hamna skal også jobbe vidare med eit grunnlag for å bygge fase 2 (forlengje kai G 150 m austover) og fase 3 (50 m ro-ro og 150 m kai på vestsida av kai G) på Botnastranda.

Botnastranda aust er ei mindre kai brukt for venting og omlasting. Her skal det i 2019 jobbast for å få følgjande på plass:

- Permanent vegtilkomst
- Permanent straum- og vassforsyning
- Avklaring rundt kjøp og/eller leigeavtale på grunn under kaiareal, bakareal, vegareal og brukarrettar til pullerter.
- Betre utnytingsgrad gjennom aktivt marknadsarbeid.

Fiskerikaia i Hesteneset

Flora hamn KF skal arbeide vidare med å legge til rette for at fiskeflåten nyttar Flora hamn som service- og ventehamn. Ein skal i 2019 ha særskild fokus å få på plass permanent veg, lys, straum og vatn, i tillegg til ytterlegare to pullertar for forsvarleg fortøyning.

Det skal vere dialog med fiskeflåten rundt utvikling av bakarealet. Det skal jobbast med å bygge lager for lagring av fiskebruk og anna. Lageret skal først og fremst vere eit tilbod til fiskarane og andre relevante leigetakarar, som til dømes Kystverket. Lageret skal også nyttast av hamna sjølv, og vere ein erstatning for redusert lagerkapasitet på Fugleskjærskaiia etter bygging av den nye kollektivterminalen aust på området. Leigeprisane for lager skal vere marknadsorienterte og hamna skal ha lønsemd prosjektet.

Aust for fiskerikaia skal det jobbast for etablering av flytebrygge for sjarkar og hamnebåten til Flora hamn KF (og evt andre leigetakarar av lagerbygget).

Kaier i Florøbassenget

- Flytebrygge ved Amfi skal i 2019 få betra fendinga si for å at fleire fartytpar skal kunne ligge ved kaia.
- Flytebrygge ved gamle fisketorget (Kolkaia) har midlertidig løyve fram til mai 2020. Flytebrygga er for veteranfarty samt for planlagt sal av inntil ti faste plassar. Flora hamn KF skal i 2019 jobbe om det er økonomisk forsvarleg å løyse vilkåra for permanent løyve eller om flytebrygga må fjernast når det midlertidige løyvet går ut.

Då må det i tilfelle jobbast med alternativ lokalisering for veteranfartya lokalisert der. Det er ikkje høve til å selje faste båtplassar på flytebrygga før permanent løyve er på plass.

- Amtskaia bærer preg av slitasje. Det skal i 2019 gjerast ein tilstandsrapport på området og gjennomføre tiltak for å halde kaia i stand til dagens bruk.
- Flytebrygge for taxi- og losbåt er i dag for lita til å samlokalisere slik aktivitet. Det vert i 2019 jobba med om det finst løysing for forlenging eller andre måtar for omdisponering av kaiplassar for slik aktivitet i indre område.

Gjestehamna

Gjestehamna i Florø skal driftast og opplevast av brukarane som ein av landets beste gjestehamner.

- Gjestehamna skal marknadsførast tydelig ut i marknaden. Fokuspunkt er servicenivå, kvalitet og oppgradert gjesteservicehus.
- Gjestehamna skal legge til rette både for lokale fritidsbåtar og fritidsbåtar på langtur, og prissettinga skal vere med å skape aktivitet både i sesong og utanfor.
- Brukarane skal føle seg velkommen og trygge i gjestehamna, og servicenivået og kvaliteten skal ligge på eit nivå der gjestane får dekkja dei fleste behov som båtturistar normalt treng.
- Hamna er positiv til aktivitetar som båtmesser og liknande som genererer aktivitet i hamna, men vil i kvart tilfelle vurdere nytta av direkte og indirekte subsidiering (som gratis utleige av kaiplass, strau, og liknande).
- Det skal i 2019 takast ein fullstendig evaluering rundt økonomi og praktiske løysingar rundt eigarskap og drift av gjestehamn og servicehus. Dette skal legge grunnlag for vidare drift og strategi i åra framover.

Forvaltning: Synleg, enkel og informativ

Flora hamn KF er kommunen sitt hamnefaglege organ og skal ta hand om dei administrative og forvaltningsmessige oppgåvene som er lagt til kommunen etter hamne- og farvasslova, og føresegner gitt i medhald av lova. Flora hamn KF er sekretariat og ansvarleg for den operative drifta i Alden hamneområde, som inkluderer sikring av tryggleiken i farvatna i dei sju medlemskommunane (Askvoll, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Hyllestad og Naustdal).

Forvaltningsarbeidet til Flora hamn KF inneberer å vere synleg, enkel og informativ. For å få til dette har hamna utarbeida ein kommunikasjonsstrategi og –plan som skal følgjast.

- Hamnesjefen har øvste ansvar for all kommunikasjon og gjennomføringa av tiltaka i kommunikasjonsplanen.

- o Flora hamn KF skal i 2019 nytte både heimeside og facebookside aktivt for informasjon, marknadsføring og synleggjering av organisasjonen.
- o Det skal vere enkelt å finne nødvendig informasjon om hamneområdet og hamnerelaterte saker, for å skape ei smidig, kundeorientert og effektiv brukaroppleving.
- o Alle e-post som kjem til hamna og krev ei tilbakemelding skal innan to dagar få eit svar om at e-posten er mottatt og korleis den vert handsama vidare.
- o Saker som skal handsamast etter hamne- og farvasslova skal vere handsama innan tre veker.
- o Brukarmøter skal marknadsførast aktivt for å sikre brei deltaking med tilhøyrande god informasjon og involvering av brukarane til hamna.

Tiltaksplan for oppfølging og merking av farvatnet i Alden er utarbeida og følgt opp av driftsavdelinga i hamna. Denne har fristar og prioriteringar som skal haldast.

- Det skal i 2019 gjennomførast synfaring over kaiar og merker i alle kommunane i Alden hamneområde.
- Ved synfaring i farvatnet i kvar enkelt kommune skal kommunerepresentant inviterast med for å få god lokalkunnskap og oversikt over utfordringar og prioriterte område.
- Innkjøp av ny hamnebåt medfører eit større løft på sikringa av farvatnet i Alden, og 2019 skal Flora hamn KF ha eit tettare fokus på gjennomføring av tiltaksplan.
- Hamnebåten skal i 2019 aktivt marknadsførast for bruk både til forvaltning og forretning, og prisregulativ og personell skal disponerast for utleige til både offentlege og private kundar.
- Flora hamn KF skal i 2019 samarbeide tett med Kystverket for å få gjennomført tiltaksplanen i Alden. Dette inkluderer fysiske møter med Kystverket samt deltaking i årlege risikovurderingar for sikring av farvatnet arrangert av Kystverket.
- Skipsverftet i Florø arbeidar med å få Kystverket til å utdjupe innseglinga til Florø ned mot 20 meter. Flora hamn KF støttar opp om dette arbeidet.
- Flora hamn KF vil i 2019 halde fram med å ha vedlikehald av rutekaiar i øyane på oppdrag i frå Flora kommune.

Det skal i 2019 jobbast ytterlegare digitalisering av arbeidet i Alden og Flora hamn med overvåking, fakturering, oppfølging, med meir. Det inkluderer ein oppgradering av det digitale verktøyet Portwin til den nyaste versjonen, og vere open for andre løysningar som kan vere nyttig for hamna.

Flora hamn KF er ansvarleg for ISPS-terminalane Fugleskjærskai og Gunhildvågen, samt ansvarleg for det overordna planverket for Florø. ISPS-terminalen på Botnastranda (kai G) er drifta av Fjord Base AS.

- I 2019 skal Flora hamn KF halde fram med å implementere og følge opp sårbarheitsanalysa og sikringsplanen til Florø hamneområde.
- Flora hamn KF skal i 2019 halde fram med kvartalsvise samlingar og møter mellom aktørane som er omfatta av sikringsplanen for Florø hamn. Dette inkludere politi, brannvesen, Westcon, Felleskjøpet og PSO/PFSO internt i hamna. Møta vert leia av RSO som hamna leigar inn.
- Adgangskontrollsystemet på Fugleskjærskai og i Gunhildvågen skal 2019 forbetrast og effektiviserast for å sikre effektive og smidige løysingar for brukarane.

Berekraft: Miljø og samfunnsansvar

Flora hamn KF skal vere ein pådrivar for meir miljøvenleg transport, og meir gods på sjø. Flora hamn KF skal i tillegg vere ein pådrivar og tilretteleggar for nye framtidige energibærarar og transportløyseringar.

- I 2019 vert insentivordninga med miljørabatt på anløpsavgifta vidareført (ESI) for å motivere til meir miljøvenleg transport.
- Flora hamn KF skal jobbe for å få på plass meir landstraum, primært på Fugleskjærskai, i 2019. Prosjektet må vere økonomisk forsvarleg og det skal leggest opp til fleksible og enkle løysingar for at flest mogleg kan nytte seg av anlegget.
- Flora hamn KF skal i 2019 aktivt søke midlar og delta i prosjekt for å lege til rette for ein meir miljøvenleg hamneinfrastruktur.
- Flora hamn KF skal i 2019 halde fram i deltakinga i Grønt Kystfartsprogram saman med Flora kommune, for å auke kunnskapen og delta i nettverk knytt til miljøvenleg sjøfart.
- Flora hamn KF vart i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og kommunane/hamnene i Florø og Bergen 2018 tildelt midlar for å jobbe med tryggleik ved hydrogen i hamn. Dette prosjektet skal gjennomførast i 2019 og Flora hamn KF skal ta ein aktiv rolle i dette arbeidet.
- Det skal i 2019 jobbast saman med Flora kommune for eit reint og ryddig hamnebasseng, dette inkluderer løysingar for plastoppsamling.

HMS og medarbeidarar: Sikkert arbeid, kompetente og engasjerte medarbeidarar

Dei tilsette i Flora hamn KF skal ha ein trygg arbeidsplass og alltid komme heim frå jobb med minst like god helse som når dei kjem på jobb. Brukarane av hamna skal oppleve Flora hamn som ei trygg og sikker hamn der det er lagt rette for sikre og effektive arbeidsoperasjonar utan skade på personell, miljø og utstyr. HMS skal prioriterast på linje med forvaltning, forretning og bærekraft, og der desse kjem i konflikt stillar HMS alltid først.

- *HMS-arbeid:* Rutinar og plan for HMS-arbeidet innført i 2018, skal jobbast aktivt og systematisk med i 2019. Dette inkluderer god involvering av verneombod og dei tilsette.
- *Kompetanse:* Det er utarbeida ei opplæringsmatrise for dei tilsette i hamna med krav til opplæring av dei ulike rollane og stillingane i hamneorganisasjonen. Dette gjeld både kurs, avtaler og prosedyrar. Denne skal til ein kvar tid vere oppdatert, og ved gap skal det leggst ein plan for korleis gapa skal lukkast. Tilsette og styremedlem vert sendt på relevante kurs og får høve til å delta på arrangement i regi av hamneorganisasjonane.
- *Vedlikehaldssystem:* Det vart i 2018 investert i eit vedlikehaldssystem i hamna. I 2019 skal det arbeidet ferdigstillast og vere fullverdig innført. Dette for lettare drive systematisk vedlikehald med dokumentert historikk, og skape eit trygt, påreknleg og effektivt vedlikehaldsarbeid for dei tilsette.
- *Organisasjon:* Det vert jobba for å førebu hamna på samanslåing av Flora og Vågsøy til nye Kinn kommune. I dette arbeidet skal det vere fokus på rett, jamleg og oppdatert informasjon til dei tilsette i hamneorganisasjonen. Tillitsvalte skal involverast i dette arbeidet.

Vidar Grønnevik

Styreleiar Flora Hamn KF

Linda Mortensen Midtbø

Hammesjef / Dagleg leiar